



Fylkesmannen i Telemark

Miljøvern avdelingen

Saksbehandler, innvalgstelefon: Gunnar Djuvik, 35 58 61 67

Kontrollrapport

Kontrollrapport nr: 2010.028.I.FMTE
Saksnummer: 2010/1633
Dato for kontrollen: 19.10.2010

Informasjon om kontrollert verksemd:

Navn: Bø avløpsrenseanlegg, Bø kommune	Organisasjonsnr: 962276172
Postadresse: Bø kommune, teknisk eining, postboks 83, 3833 Bø i Telemark	Telefon - kontaktperson: 35059181/90202238
Besøksadresse: Slåttunvegen, Bø	e-post - kontaktperson: gudmund.amundsen@bo.kommune.no
Kommune/ kommunenr.: Bø/ 0815	Bransjenr. (NACE-kode):
	Anleggsnr: 0821.0015.01

Tilstades under kontrollen

Fra verksemda: Gudmund Amundsen, avd.ingeniør Solfrid Førland, driftsoperatør Thomas Slette-meås, driftsoperatør	Fra Fylkesmannen: Gunnar Djuvik
--	---

Kontrollomfang

Kontrollen er ikkje ein uttømmende kontroll innan Fylkesmannen sitt tilsynsområde, men er avgrensa til dei generelle tema for kontrollaksjonen; internkontroll inkludert avvikshandsaming og risikovurderingar, klimaendringar og klimatilpassing på avløpssektoren, overløp av urensa vatn, avløpsledningar, renseanlegg, grunnlag for fastsetting og oppfyljing av rensekrav.

Innhald i kontrollrapporten

Rapporten omtalar dei avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen i forhold til:

- Relevante dokument frå Fylkesmannen knytta til rensekrav/ utsleppsløype
- Forureiningslova
- Forurensningsforskriften
- Internkontrollforskriften

Resultat frå kontrollen

Fylkesmannen avdekket 2 avvik*, og det er 1 merknad*. Sjå nærare omtale inne i rapporten.

Oppfølging etter kontrollen

Rapporten skal følgjast opp fra kommunen slik dette går fram av pålegg med frister i oversendingsbrevet for denne rapporten.

Skien, 25.11.2010,

Fylkesmannen i Telemark
(etter fullmakt)

* Avvik og anmerking er definert på side 2 i rapporten

Informasjon

Definisjon - avvik:

Overtredelse av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen, for eksempel overtredelse av krav i forurensningsloven eller forskrifter hjemlet i denne loven, eller krav og vilkår fastsatt i utslippstillatelser eller dispensasjoner.

Definisjon - anmerkning:

Et forhold som tilsynsetatene mener det er nødvendig å påpeke for å ivareta helse, miljø og sikkerhet og som ikke omfattes av definisjonen for avvik

Informasjon om kontrollgebyr:

Fylkesmennene kan fastsette gebyrer for arbeid med tillatelser og kontroller, jf forurensningsforskriftens kapittel 39. Nærmere informasjon om forskriften: <http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-103.html>

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt:

Dersom Fylkesmannen ikke mottar den skriftlige tilbakemeldingen innen den fristen som er fastsatt, vil vi vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt fattes med hjemmel i forurensningsloven § 73. En eventuell tvangsmulkt kan fastsettes som et engangsgebyr eller et løpende dagsgebyr som gjelder så lenge en tilbakemelding, som godtgjør at avvik kan lukkes, ikke er mottatt.

Aktuelt regelverk:

Hjemler for avvik som avdekkes gjennom kontrollen finnes i følgende regelverk:

Forskrift	Lenke til forskrift og til kommentarer til forskrift
Forskrift om begrensnng av forurensning, kap 11 - Generelle bestemmelser om avløp	Forskriften/ avløpsdel: http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-036.html Kommentar til kap 11: http://www.klif.no/no/Regelverk/Forskrifter/Forurensningsforskriften/Kommentarer/Kapittel-11-Generelle-bestemmelser-om-avlop/
Forskrift om begrensnng av forurensning, kap 14 - Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser	Forskriften/ avløpsdel: http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-036.html Kommentar til kap 14: http://www.klif.no/no/Regelverk/Forskrifter/Forurensningsforskriften/Kommentarer/Kapittel-14-Krav-til-utslipp-av-kommunalt-avlopsvann-fra-storre-tettbebyggelser/
Forskrift om begrensnng av forurensning, kap 15 A - Påslipp	Forskriften/ avløpsdel: http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-036.html Kommentar til kap 15 A: http://www.klif.no/no/Regelverk/Forskrifter/Forurensningsforskriften/Kommentarer/Kapittel-15-Krav-til-utslipp-av-oljeholdig-avlopsvann/ (se midt i dokumentet etter kommentar til § 15-10)
Forskrift om systematisk, helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, Internkontroll-forskriften, av 6. desember 1996 med senere endringer	IK-forskrift: http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-19961206-1127.html Kommentarer: http://www.klif.no/artikkel_31257.aspx

Se mer om klimatilpasning på avløpssektoren via bl.a. følgende lenker:

<http://www.klif.no/publikasjoner/2317/ta2317.pdf> (Klif-rapport 2317/2007)

<http://www.norskvann.no/content/view/full/33212> (Norsk Vann-rapport 162/2008)

Se også generelt om aktuelle lover og forskrifter på Klima- og forurensningsdirektoratets hjemmeside www.klif.no eller via www.regelhjelp.no.

Avvik

Avvik 1

Overløp av urensa avløpsvatn vert ikkje tallfesta og inkludert i berekning av utslippsmengde og av renseeffekt, og renseeffektkrav for fosfor vart overskrede i 2009.

Avvik fra

- Forurensingsforskriften §14-2 Definisjon av rensegrad, § 14-5 Avløpsnett og § 14-11 Prøvetaking.

Grunnlag

- Forurensingsutslipp av urensa vann via alle overløp blir ikkje tallfestet enten ved utslippsmålinger, modellering eller annen beregning. (4B)
- Overløp ved renseanlegget blir ikkje tatt med i beregningen av rensegrad og utslippsmengder fra avløpsanlegget. (8B)
- Rensekravene i tillatelsen ble overskredet i året 2009. (8D)

Kommentar

Kommunen har oversikt over moglege utslippspunkt på nettet og i anlegget, og utslipp via overløp vert registrert med tidsvarighet for utslippshendinga. Vassmengde eller forureiningsmengde som går urensa til utslipp ved slike hendingar, vert ikkje tallfesta. Ein må kople den oppfølgjande handsaminga av slike hendingar til risikovurderinga for ytre miljø. Avhengig av kor ofte slike hendingar skjer og kor lenge dei varar, må ein soleis risikovurdere hendinga og gjere naudsynte oppfølgjande tiltak med mengdemåling, vurdering av effektar i resipienten og medrekning av utslippet i rensegraden osb.

Før rensetrinna i renseanlegget er det eit overløp for avlastning av urensa avløpsvatn til utslipp via utslippsledninga for renseanlegget. Den delen av totalutslippet som dette overløpet utgjør, vert registrert på tid, men vert elles ikkje målt eller medrekna i rensegraden. Vi er kjent med at det i 2009 ikkje vart registrert noken reelle overløpshendingar i pumpestasjonar eller i renseanlegget via driftsovervakinga. I byrjinga av oktober 2010 var det store vassmengder i vassdraget, i følgje kommunen sine opplysningar svarande til 20-års-flaum og den største sidan 1987, og det var då eit overløp via inntakskum på renseanlegget som varte ca 2 døger, men som ein elles ikkje har nokre vurderingar av når det gjeld mengder og effektar.

Gjennomgang av utslippstal for 2009 syner at rensekrava i kap 14-2 vart overskrede for total-fosfor. Kravet for fosforfjerning er ein renseeffekt på minst 90 %. I følgje årsrapportar vart det i 2009 oppnådd 85 %. For tidlegare år er det oppnådd 95 % i 2008, 96 % i 2007 og 95 % i 2006. Fylkesmannen forventar tilbakemelding med omtale av aktuelle tiltak for å overhalde renseeffektkravet.

Frist for tilbakemelding vert sett til **01.05.2011**.

Avvik 2

Vedlikehold og fornying av avløpsledningar er ikkje sikra gjennom oppdatert saneringsplan.

Avvik fra

- Forurensingsforskriften § 14-5 Avløpsnett.

Grunnlag

- Det foreligger ikke en saneringsplan for ledningsnett som er oppdatert etter 2005.(5C)

Kommentar

Det vert opplyst at totalt ledningsnett avløp er 110 km. Av dette er ikkje noke eldre enn 1960, 23 km 23 frå åra 1960-80 og resterande frå perioden etter 1980. Fylkesmannen er kjent med at kommunen har gjort og gjer omfattande og systematisk arbeid for å kartleggje kritiske punkt på ledningsnettet som gjer tilførsle av store vassmengder ved innlekking. Dette er problem som har vore omtalt i årsrapportane frå Driftsassistansen og som er årsak til tidvise problem med å klare rensekrava. Vi er vidare kjent med at det vert gjort snarlege utbetringstiltak og at det er tilsette i organisasjonen med særlege oppgåver knytt til registrering og oppfølging.

Avviket gjeld imidlertid det forhold at det ikkje ligg føre saneringsplan vedteke i nyere tid som konkret tek omsyn til nye prognoser om auka nedbørsintensitet ved dimensjonering av utbetringstiltaka på ledningsnettet.

Eksisterande plan er frå 1994, men revidert i 2003 og supplert med nye mål, kostnadsoverslag og prioriteringar for gjennomføring av tiltak. Ny plan er nå under utarbeiding, og den vert truleg vedteke i 2012.

Fylkesmannen ser på mellom anna følgjande punkt som aktuelle å innarbeide i ny saneringsplan:

- måltall for funksjonskrav til avløpsnettet, til dømes maks inn-/utlekking, tilførsingsgrad, overløpshendingar med omsyn til tid eller mengde, jf kommunen sin klimaplan
- rutinar for jamleg oppdatering av saneringsplanen minst kvart 5. år
- synleggjering av økonomiske føresetnader for gjennomføring av planen
- synleggjering av klimatilpasning ved dimensjonering av ledningsnett og installasjonar
- måltall for årleg fornyingstakt eller investeringsnivå for ledningsnettet

Når det i denne samanheng gjeld sjølvve renseanlegget, tek Fylkesmannen til etterretning at det er gjort ei kapasitetsvurdering datert 14.01.2010 av eksisterande anlegg med tanke på utbygging og utviding med biologisk renseprosess, jf kap 14-6 om vesentlege endringar, som i dette tilfellet primært vert utløyst om kort tid ved vidare tilknytning av fritidsbustader i Lifjellområdet. Det vert opplyst at det er forslag i investeringsbudsjettet om midler for slik vidare prosjektering fram mot mogleg byggestart i 2013.

Det vert sett frist til **01.05.2011** for å gje tilbakemelding om status og framdriftsplan for utarbeiding av saneringsplan fram mot planlagt vedtak i 2013 og for søknad om utsleppsløyve. Vi forutsetter at måltall vert innarbeidd i planen, at planen har rutinar for oppdatering og at planen visar ei tiltaksplan i prioritert rekkefølge.

Merknader

Merknad 1

Utvendig lagring av kjemikalier og spillolje

- Utvendig plassering av tank med fellingskjemikalier er teke med i risikovurderinga. Fylkesmannen finn at ein ikkje kan basere seg på at kjemikaliene ved eit eventuelt uhell vert absorbert av sandmassane på lagringsstaden. Slik vi ser det, kan den utvendige plasseringa i dette tilfellet nær køyreveg medføre uhell ved snøbrøyting og anna påkjørsle. Vi rår til at det vert gjort ei ny vurdering av kva som er akseptabel lagring av dette innsatsstoffet. Vi vil klart rå til at tanken vert lagra innadørs og gjer framlegg om at dette vert innarbeid i planane for ombygging.
- Ved kontrollen vart det registrert fat med spillolje lagra ved hjørnet av renseanlegget under enkelt tak, truleg i samband med smørebukk på staden. Avfallshandtering var ikkje tema under denne kontrollen, men vi minner om at farleg avfall skal lagrast forsvarleg og sikra mot avrenning til vann og grunn, samt vere sikra mot uvedkomande og leverast til godkjent mottaker. Det vert opplyst at dette er olje i samband med privat bruk av bukken av tilsette, at slik bruk no er sjeldan og at området er avlåst med vegbom etter arbeidstid. I dette høvet vil det truleg vere aktuelt å vurdere lagringa opp mot flaumfare. Vi rår til at fatet snarast vert plassert innadørs, og minner elles om regelverket i avfallsforskriften som gjeld for levering og deklarerering denne type avfall (kap 11 – farleg avfall).